



Land og bruk

Nummer 1 - 2014

Mars 2014

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Dialogmøte

Fylkesmannen inviterer tilsette i landbruksforvaltninga til dialogmøte **21. mai**. Vi ønskjer å få innspel på aktuelle tema vi kan ta opp på møtet.

Innspel kan sendast på e-post til [Bente E. Halvorsen](mailto:Bente.E.Halvorsen)

Manuelle utbetalningar av produksjonstilskot

Vi er no i gang med manuelle utbetalningar av produksjonstilskot. For å få dei raskast mogleg til utbetaling bør dei sendast via e-post til

[fmro direktetilskot@fylkesmannen.no](mailto:fmro_direktetilskot@fylkesmannen.no)

Dersom dei blir sendt til Fylkesmannen si vanlege e-postadresse «fmropost@fylkesmannen.no», kan det ta 1-2 veker før saksbehandlarane får dei.

Personalendringar

Tilbake frå permisjon

Linn Borsheim er tilbake frå fødselspermisjon ein periode fram til 24. mars, etterpå skal ho avvikle siste del av permisjonstida.



«Lykken er som våren: den går på jorden en kort stund for å få livet til å gro.»

Ingeborg Møller

Arrangementskalender

11.-12. mars

Landbrukskonferansen 2014

Stad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

24. april

SMIL-samling

Kontaktperson: Nono Dimby

21. mai

Dialogmøte landbruksforvaltninga

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

mai/juni

Skogseminar og skogfagleg utferd

Kontaktperson: Lars Slåttå

5. juni

Samling om «Ledige driftsbygningar»

Stad: Jæren

Kontaktperson: Knut Harald Dobbe

21. august

Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Sissel C. Endresen og Linn Borsheim

Hausten

Skogfagleg samling/kurs

Kontaktperson: Lars Slåttå


22. oktober

Dialogmøte landbruksforvaltninga

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

Landbruksdirektørens hjørne



Føresetnaden
v/Geir Skadberg

Korleis har du det? Sånn i landbruksjobben din eller med den delen av deg som i det daglege høyrer til eller i det minste tenker på landbruket, på bonden, på maten, på landskapet, på skogen, på historia, kulturarva, bygda, opplevingane – eller kva det nå måtte vere. Landbruket er jo som kjent samansett og produserer så mykje – meir enn berre mat og tømmer.

Eg ber ikkje om svar på dette. Men kanskje du kan gi deg sjølv nokre svar. Når historia over notida (for meg åra 2004 – 2017) skal skrivast, - trur eg omtalen blir noko i retning av «denne store endringstida i landbruket undrar vi oss framleis over – kva var det eigentleg som skjedde?». Å finne fram statistikkar over farne år er jo enkelt – så blir det trekte nokre liner vi kallar utviklingstrendar. Å ja, rett nok knyter vi nokre analysar til desse linene – og meiner noko kvalifisert om åra som kjem. Strekk lina heilt ut – og vi kan spå om kven som blir den siste bonden i Rogaland. Tenk – han eine som skal drive alt. Truleg vil det ikkje gå som vi i dag trur.

Det blir skrivne mange utgreiingar om landbruket, nokre få av dei er kjekke å lesa – og kan utgjere ein skilnad eller to. Mange av artiklane no om dagen er prega av frykt for endring – av dei store rammene og vernet mot utlandet, i den nasjonale landbrukspolitikken, for svekka sjølvforsyninga og for busettinga i distrikta.

Bilete som blei laga kring 1994 om landbruket i vår tid, er truleg mindre radikalt enn kva den faktiske stoda er. Og nei – ikkje noko EU-diskusjon her – poenget mitt er heller å få fram at endringar skjer både på grunn av og på trass av. Og apropos utgreiingar – min favoritt i dag er NILF sin «[Utsyn over norsk landbruk – tilstand og utviklingstrekk 2013](#)». Og dersom eg i det heile kan be deg om noko – måtte det vere å be deg lese publikasjonen. Den er knallgod – og den er viktig.

Siste ord i utsynsrapporten blei skriven etter at Solberg-regjeringa tok fatt. Kanskje ikkje eit poeng i seg sjølv, anna enn at vi her har å gjere med ein fersk rapport og at rapporten kanskje i større grad enn tidligare år også har tatt omsyn til – eller i det minste har hatt i tankane – nye politiske straumar i Norge.

Rapporten gir eit flott oversyn over norsk landbruk og hovudkapitla går i hovudsak på rammevilkår, ressursane, økonomien, foredling og marknad. Den er også god på å sjå Noreg i høve til omverda. Men rapporten peiker lite framover – den kjem ikkje med politiske råd – det er heller ikkje mandatet. Men den gir likevel lesarane mykje å reflektere over – kva no – korleis skal det gå med landbruket framover?

Gode utsyn krev både innsyn og vidsyn. Sterke endringskrefter av økonomisk og teknologisk art har satt sterkt preg på landbruket. Det blir skrive mykje om kva som ligg bak dei store endringane. Men ei side av utviklingstrekka eg knapt har lest om – er at den største endringa faktisk er den som har skjedd med bonden.

Eg har sagt det før og kjem til å seie det igjen; bondesonen er meir ulik far enn nokon gong. Og føresetnaden for heila greia er å få bønder til å satse i næringa. I det daglege bør vi alle ha med oss at bonden ikkje kan tas for gitt. Bonden har fleire val enn nokon gong – kva han vil med garden og seg sjølv. Så veit eg godt at bonden må finne økonomi i å vere gardbrukar og i å investere. Men det at «vi andre» set pris på bonden sin innsats og sine leveransar til samfunnet, er også viktig. Kanskje vi i større grad framover skal legge vekt på å motivere bøndene og gi dei den type feedback som vi sjølv likar så godt å få i eigen jobb. Ros og positiv respons skadar sjeldan.

Færre bruk, samla produksjonsvolum skal oppretthaldast er omkvedet. Rogaland med sitt oljesmurte næringsliv rekrutterer frå landbruksnæringa og ønskjer stadig større jafs av den beste matjorda. Landbruket i Rogaland er stort – men også sårbart. Av det mest interessante no om dagen er uroa hjå NHO og LO. Dei har aldri vært så for bonden som no. Inngangen deira er sjølv sagt sysselsettinga i landbruksindustrien. Greitt nok det. Dei ser jo at bonden er føresetnaden for norsk næringsmiddelindustri. No må bøndene henga seg på slike gode medhjelparar.

Eg trur vi skal få det til og eg blir sjølv motivert til å ta fatt i utfordringane. Slik håpar eg det er også med deg. La eventuell avmakt ligge. Rett blikket mot dei bøndene som held fram med drifta og er nøgde med det, sei hurra til dei bøndene som vil satse ytterligare og som vil produsere meir. Faktum har alltid vore at totalen er summen av alt. Slik blir det også i 2050.



Presentasjonane frå tilskotssamlinga

Her er plansjane frå tilskotssamlinga 22. januar.

- [Erfaringar etter gjennomførte forvaltningskontrollar i 2013](#) v/ Hadle Nevøy
- [Kommunal landbruksbyråkrat - Rollen som rettleiar og forvaltar](#) v/Hadle Nevøy
- [Krav til miljøplan og erfaringar frå føretaks-kontrollane i 2013](#) v/ Monica Dahlmo
- [Evaluering av Miljøplan](#) v/ Bjørn Huso, seksjonssjef Statens landbruksforvaltning
- [Samdrifter og deltakar i samdrift med eigen produksjon – kor går grensa før det er driftsfellesskap](#) v/ Sissel C. Endresen
- [Manuelle utbetalingar – krav til saksbehandling i kommunen før innsending](#) v/ Geir Helge Rygg
- [Avkortingar – rutinar for gjennomføring](#) v/Sissel C. Endresen
- [Avløysartilskot ved ferie og fritid – regelverk og rutinar](#) v/ Ragnhild Hole

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

Bruken av bedriftsretta BU-midlar 2013

Alle dei bedriftsretta BU-midlane blei brukt opp i 2013 og storparten av midlane har gått til 36 nye storfejøys og 27 sauehus. Dette er vonleg eit godt teikn på at bøndene i fylket også vil investere i åra som kjem.

Det er Innovasjon Norge Rogaland som forvaltar dei bedriftsretta Bygdeutviklingsmidlane i Rogaland. BU-ramma for 2013 var om lag 40,8 millionar i tilskot og vel 86,5 millionar i låneramme for rentestøtte. Det ligg regionale strategiar til grunn for bruken av BU-midlane.

Rapport frå IN om [bruken av BU-midlane 2013](#).

Endring i forskrift om berekning av avlingssvikt ute på høyring

Statens landbruksforvaltning har sendt på høyring eit forslag om endringar i forskrifta om satsar og berekningsreglar for erstatning ved avlingssvikt. Frist for å gi uttale er 30. april.

Forslaget legg opp til å forenkle ordninga. Den nye berekningsmåten skal vere meir føreseieleg for søkjarane, mindre arbeidskrevjande og skal gi raskare handsaming av søknadene.

Det blir føreslått ein ny berekningsmåte for avlingssvikt i grovfôrproduksjon for føretak som driv med husdyr. Det blir også føreslått å redusere satsane for løk, gulrot og potet.

Meir [informasjon om høyringsforslaget](#) på nettsidene til Statens landbruksforvaltning.



Landbruksoppdraget til Innovasjon Norge Rogaland for 2014

Innovasjon Norge Rogaland skal for 2014 i all hovudsak legge til grunn dei same strategiane som har vore gjeldande dei siste åra. Dei grovfôrbaserte produksjonane, distrikta og miljø skal prioriterast.

Oppdragsbrevet er laga med medverknad av den regionale landbrukspartnerskapen; Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Skognæringsforum, Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge Rogaland.

Ramma for dei bedriftsretta BU-midlane Innovasjon Norge Rogaland kan nytte i 2014 er 36,32 millionar kroner i tilskot og 67,40 millionar i låneramme for rentestøtte. Ramma for rentestøtta er uendra frå 2013, medan Rogaland er tildelt 1 million kroner meir i tilskot for 2014. Innovasjon Norge Rogaland disponerer også 0,99 millionar kroner til bioenergitiltak i bedriftene, men for desse midlane skal det leggest til grunn nasjonale føringar.

Her finn du [oppdragsbrevet](#).

Hogstrekkord

Det blei sett ny hogstrekkord i 2013 med 128 000 m³. Gran og sitkagran blir sterkt overavverka. Juletresalet gjekk ned tredje året på rad og enda på 56 300 tre.

Den førre hogstrekkorden frå 2008 var på 111 000 m³. Gjennomsnittet siste fem føregåande åra er 94 000 m³. I 2013 var heile 98 000 m³ av hogsten gran og sitkagran. Det er nesten det dobbelte av balansekvantumet, dvs. det kvantumet som årleg kan hoggast utan negative konsekvensar for framtidige hogstvolum.

Gjennomsnittsprisen for tømmeret er berre 287 kroner per kubikkmeter, noko som truleg er blant dei lågaste i landet. Når vi veit at driftsprisen jamt over også er høg i Rogaland, blir rotnetto til bøndene lågare enn elles i landet. Dette synest likevel ikkje å leggja ein dempar på bøndene si interesse for hogst.

Resultatet av at bøndene høgg vesentleg meir enn balansekvantumet, er ei nedbygging av skogressursane og dermed inntektsreduksjonar for framtidige generasjonar. I tillegg fører dette til ein svært uheldig klimarekneskap fordi både tilvekst og ståande volum blir redusert.

For å få ei meir berekraftig utvikling i skogbruket i Rogaland må hogsten i langt større grad over på furu og lauv. Og det må sørgjast for forynging med kvalitetsskog i etterkant av hogst.

Juletresalet har stuft dei siste åra og har ikkje vore lågare sidan 2007. I toppåret 2010 blei det tatt ut 155 000 tre og omsett for nærare 20 mill. kroner. Omsetninga i 2013 var 12 mill. kroner. Noko av nedgangen kan forklarast med ein del klimaskadar i juletreplantasjar dei to siste åra.

Kontaktperson: Lars Slåttå




Foto: Robijne Versteegen

Internasjonalt år for familiejordbruket

2014 er FNs internasjonale år for familiejordbruket. Føremålet er å bidra til å auke merksemda om familie- og småskalajordbruket.

Familie- og småskalajordbruket spelar ei viktig rolle i arbeidet med å redusere svolt og fattigdom og sikre mattryggleik og betre livsvilkåra på landsbygda.

Les meir på [nettsidene til FAO](#).



Foto: Arne J. Lyshol

Flytting av kvoteåret for kumjøl

Landbruks- og matdepartementet har vedtatt å flytte kvoteåret for kumjøl tilbake til kalenderåret.

Kvoteåret blir flytta tilbake til å følgje kalenderåret med verknad frå 1. januar 2014. Kvoteåret 2013/14 går som vanleg fram til 28. februar, samstundes vil kvoteåret begynne å løpe allereie frå 1.1.2014.

Nye søknadsfristar:

- | | |
|---|-------------|
| • Sal av kvote | 1. aug. |
| • Etablering av leigeforhold | 1. aug. |
| • Kjøp av kvote frå staten | 1. okt. |
| • Opphør av leigeforhold | 1. des. |
| • Oppstart, innmelding, utmelding og oppløysing av samdrift | 1. des. |
| • Konvertering og flytting av grunnkvote | Ingen frist |

Les meir om denne endringa på [LMD sine nettsider](#).

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) 2013

SMIL skal støtte tiltak som tar vare på natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap og å redusere ureininga frå jordbruket utover det som blir vurdert som vanleg jordbruksdrift.

Tilskot kan gis til føretak/eigarar som driv og/eller eig ein landbrukseigedom, eller til alle som er registrert i Einingsregisteret og som har fått lov av den som eig landbrukseigedommen til å gjennomføre eit tiltak.

Kommunale SMIL-strategiar

Kommunen og politikarane har gjennom sin eigen 4-årige SMIL tiltaksstrategi, høve og plikt til å velje ut tiltaka som gir mest effekt innanfor ramma av forskriftene. SMIL-strategien:

- er utforma av kommunen og lokale næringsorganisasjonar for at bruken av tilskotsmidla skal oppnå størst mogleg effekt,
- viser utfordringane kommunen har innan miljø- og kulturlandskap,
- er underlagt politisk handsaming slik at lokale politikarar kan påverke innhald og prioriteringar og
- bør innehalde ein tiltaksdel som viser korleis kommunen aktivt skal nå målsetjingane innafor ulike tema og geografisk avgrensa område og
- ulike motiveringstiltak av grunneigarar, bygdemøte, seminar, utforming av skjøtselsplanar for eit større område m.m. kan vere aktuelle tiltak i ein tiltaksstrategi.

SMIL i 2013

- Rogalands årsramme for SMIL i 2013 10,30 mill.
- Med unyttta SMIL-midlar frå 2012 på 5,85 mill.
- Disponible SMIL-midlar totalt for 2013 16,15 mill.
- SMIL-løyvingar i 2013 12,38 mill.

SMIL-løyvingar Rogaland 2010 - 2013




Foto: Nono Dimby


Fordelinga på bruken av SMIL-midlar i 2013 er:

- Planlegging/tilrettelegging: 1,05 mill. (8,5 %). Her er det i hovudsak løyvd SMIL-midlar til skjøtselsplanar, planlegging av reinseparkar og tilrettelegging av ferdselstiltak i kulturlandskapet.
- Miljøtiltak: 1,83 mill. (14,8 %). Mest løyvingar til reinseparkar men òg nokre søknadar på hydrotekniske tiltak og etablering av jordvoller langs vassdrag.
- Kulturlandskapstiltak: 9,5 mill. (76,7 %).
- Inndratt av kommunane i 2013 på ikkje realiserte tiltak eller utgått frist: 1,59 mill.

Tal søkjarar ligg med dette på gjennomsnittet for dei 4 siste åra og auken i årlege løyvingar i same periode viser ein god og aukande oppslutnad om SMIL-ordninga i Rogaland. Trass i at 2013 var det året der det er løyvd mest SMIL-midlar, rapporterte fleire kommunar at ekstra arbeid i samband med vinterskader for 2012/2013 ligg til grunn for at dei faktisk var mindre aktive med å informere om SMIL i 2013 samanlikna med tidlegare år.

Kontaktperson: Nono Dimby

Fordelinga på SMIL-løyvingar i 2013

Fordeling tiltak 2013	Beskriving	Døme
<p>Tiltak biologisk mangfald og gamal kulturmark</p> <p>2 mill. (16,1 %)</p>	<p>Skjøtsel av leveområde og for plantar og dyr. Ivareta gamle driftsformer som naturbeitemark, ljåslått, styving og lyngbrenning.</p>	 <p><i>Kystlynghei Bokn kommune</i></p>
<p>Legge til rette for friluftsopplevingar</p> <p>1,43 mill.(11,6%)</p>	<p>Rydde og merke stiar, skilte, grunder og oppsett av gjerdeklyvarar.</p>	 <p><i>Tursti i Forsand kommune</i></p>
<p>Restaurering freda og verneverdige bygningar</p> <p>5,12 mill. (41,4%)</p>	<p>Restaurere gamle bygningar i landbrukets kulturlandskap. Løyvingar skal først og fremst gå til bygningar i Sefrak-registret.</p>	 <p><i>Steinløe i Rennesøy kommune</i></p>
<p>Skjøtsel av kulturminner og kulturmiljø</p> <p>0,93 mill. (7,6 %)</p>	<p>Restaurere steingardar, elvemurar, gamle vegfar, skjøtsel av gravhaugar og hustuffer.</p>	 <p><i>Gravhaugar i Årdal kommune</i></p>
<p>Redusere ureining og risiko for ureining</p> <p>1,83 mill. (14,8%)</p>	<p>Etablere fangdammar, reinseparakar og fangvollar. Sikre kantar langs vassvegar.</p>	 <p><i>Reinsepark i Time kommune</i></p>
<p>Planleggings- og tilretteleggings-prosjekt</p> <p>1,05 mill. (8,5 %)</p>	<p>Utarbeide forvaltnings- og skjøtelsplanar over større område, - og som leiar til gode miljøtiltak.</p>	

Vegen vidare for SMIL i 2014

Rogaland har stor variasjon i naturgjevne føresetnader for landbruk, frå ekstensiv drift på mindre gardar i Ryfylke til intensiv drift i låglandet på Jæren. Den jamne auken i årlege SMIL-løyvingar viser ein god og aukande oppslutnad om SMIL-ordninga i Rogaland. Det er særskild viktig at kommunane til ei kvar tid har ein gyldig politisk vedteken SMIL-strategi som skal ligge til grunn for alle kommunale vedtak om løyving av SMIL-midlar. Det er i denne strategien viktig å sjå og sette tiltak innan SMIL-ordninga i samanheng med RMP og å setje ein høg prioritet på tiltak innan vassforskrifta og på miljøtiltak innan naturmangfaldlova.